

Styremøte i V.I.L

Klubbhuset 19.11.2013

Desse møtte: Einar Hoel, Yvonne Dale, Karianne Vestre Døving, Ellisiv Jarvik, Nelly Ytterli, Torkjell Bjørstad, Magne Eivind Glomnes, Jan Ole Fuglem.

Saker:

1. Orientering frå gruppene

Fotball: Fotballgruppa har sendt ut påmelding til spelarane, slik at ein kan sjå kor mange som skal vere med til neste sesong/kor mange lag ein får til. Det var bingo 17. november og fotballgruppa fekk ca. 24.000 kr i overskot.

Trim: Trimgruppa har fått inn ein del trimkort og held no på å planleggje julemarsjen.

Langrenn: Langrennsgruppa har faste treningar på tysdagar med bra oppmøte. Det er også trening på torsdagar. Skiskytarstadion er nesten ferdig.

2. Kunstgras

Det har kome munnleg svar på at forhandsgodkjenninga er i orden. Neste steg blir å søkje om spelemidlar, og då trengst det nøyaktige priskalkylar. Ein må ha dokumentasjon frå ein konsulent (t.d Svein Aune) i ein plan. I planen må også finansieringa dokumenterast grundig. Dersom ein kallar det eit nærmiljøanlegg, kan ein søkje om støtte mange plassar. Søknadsfristen for spelemidlar er 15. januar. Gruppa som har jobba med kunstgras skal jobbe vidare med planleggjinga. Ein må prioritere dette arbeidet slik at vi får inn søknaden.

3. Lysløypa

Det er skrive ny avtale med Stian Høihjelle for den delen av lysløypa som går over hans eigedom på Omenås. Stian Høihjelle vil ikkje vere bunden til avtalen for all framtid. Han vil vere med å leggje om løypa slik at løypa framleis kan brukast

Vedtak: Idrettsslaget bør høyre om oppseiingstida av avtalen kan utvidast frå seks månadar til eit år.

Ein annan grunneigar som idrettslaget er i dialog med , er Arne Bjørn Aase. Det er ei sak som har gått over lang tid, og som det verkar å vere vanskeleg å finne ei løysning på. Spørsmålet er om idrettslaget skal halde på sin rett, eller om at traseen må leggjast om. Grunneigar vil at laget stadfeste at lysløype ikkje skal gå over hans eigedom etter noverande skisesong. Det er ikkje aktuelt å seie frå seg rettar. Idrettskretsen vert kontakta for å få hjelp og råd.

4. Arrangement 2014

Mefjellet opp blir 20. juli og Olsok/Jordbærdilten blir 26. juli 2014. Vi tek sikte på å arrangere Olsok omtrent med same innhald i 2014 som i 2013 (jf. evaluering).

Må sjå nærmare på om vi kan arrangere NM i motbakkeløp i 2015.

Marknaden blir lagt til 12. april (palmelaurdag).

5. Årsmøte 2013

Årsmøte må gjennomførast før utgangen av februar 2014. Hovudlaget skal ha Årsmøte 26.februar.

Fotball: 17. februar

Trim: 18. februar

Langrennsgruppa: 20. februar

Friidrett:19. februar

6. Eventuelt

Spørsmål om vatn frå husansvarleg (Yvonne Dale):

Kva kan gjerast for å unngå at vatnet på klubbhuset frys slik som sist vinter?

Det kan brukast varmekabel på leidninga vår og ein kan ha på ekstra isolasjon. Ein må gjere alt ein kan for å unngå at vatnet på klubbhuset frys i vinter! Det er eit kommunalt ansvar dit idrettslaget si leidning startar.

Vedtak: Idrettslaget må spørje kommunen om dei har gjort noko ift desse problema(skriftleg). Dersom det frys må kommunen stille opp og leggje om leidninga.

Tippemidler klubbhus

Ein får godkjent spelemiddel på klubbhuset, då kravet om trappeheis ikkje lenger blir sett på som absolutt. Det som er viktig er at andre etasje er tilgjengeleg heile året. Tilkomsten til kiosk og inngang i andre etasje skal tilpassast rullestolbrukar.

Vedtak: Idrettslaget trekkjer den utvida søknaden, og sender den opphavlege (utan trappeheis).